



Helsefellesskap Møre og Romsdal

• HELSE MØRE OG ROMSDAL

Referat

Utvalg	Fagleg samarbeidsutval for den akuttmedisinske kjede
Møteleder	Erlend Bae
Referent	Erlend Bae
Møtenummer	2/2024
Dato	11.12.2024
Tidspunkt	10.00 - 11.00
Sted	Teams

Medlemmer:

Organisasjon	Navn	Stilling/Funksjon	Møtt
Søre Sunnmøre regionråd, Volda kommune	Erlend Bae	Seksjonsleiar legevakt	x
HMR, Prehospital klinikk	Knut Erik Skogheim	Avd.sjef ambulanse	x
HMR, Prehospital klinikk	Tore Paulsen	Avd.sjef AMK og pas.reiser	x
HMR, Stab	Hans Olav Ose	Beredskapssjef	x
HMR, Prehospital klinikk	Espen Rørvik	Overlege AMK	
Nordmøre IPR, Kristiansund kommune	Askill Sandvik	Legevaktoverlege	
Romsdal IPR, Molde kommune	Sinde Ervik Sætre	Legevaktoverlege	x
Nordre Sunnmøre regionråd, Ålesund kommune	Judit Molvær	Leiar legevakt	x
Fastlegerepresentant	Per Arild Strand	Fastlege Kristiansund	
Brukerrepr kommune	Astrid Marie Myrvågnes	Ryggforeningen	
Brukerrepr HMR	Atle Tangen	FFO	x

Sakliste:

6/24	Fagleg samarbeidsutval framover	<ul style="list-style-type: none">• Fagleg samarbeidsutval akuttmedisinsk kjede og fagleg samarbeidsutval helseberedkap er vedteke å slå saman til eit. Det er ikkje oppnemnd medlemmar av det nye utvalet. I utgangspunktet skal	
------	---------------------------------------	---	--

		samarbeidsutvalet bestå av 4 kommunerepresentantar og 4 fra helseføretaket og brukarrep. Det vil bli et stort spenn i ansvarsområdet, og utfordringa blir å få kompetanse på alle områda i utvalet. Det vil nok bli aktuelt med observatørar med talerett i tillegg til faste medlemmer.	
7/24	Status akuttmedisinsk kjede	<ul style="list-style-type: none"> Det er mykje god samhandling i den akuttmedisinske kjede. I vår var det felles fagdag for AMK og LVS i regi av KOKOM med gjennomgang av felles opplæringsplan og mykje god samtale. Tiltak som trening på kommunikasjon ved overføring av akutthenvendelser har ikkje blitt fulgt opp i ettertid. AMK, AMB, LVS, LA og AM har mandagsmøter der aktuelle hendingar frå siste veke blir gjennomgått. Dette er verdifullt, men det er viktig at SUFAD-møter blir videreført. 	
8/24	SUFAD	Samarbeidsutval for akuttmedisinsk drift. Er forankra i handlingsplanen, og det er tenkt to møter i halvåret. Eit problem var at møta utvikla seg til å bli for store, og det er ønskeleg at det går tilbake til å vere møter der leiarane møtes for å drøfte utvikling og god flyt i kjeda.	
9/24	Handlingsplan - prioriteringar	<ul style="list-style-type: none"> Det vert ikkje sett i gang arbeid med revisjon av handlingsplan før ny utvalsstruktur er på plass. Prioriterte tiltak i gjeldande plan er framleis aktuelle. Videokonferanse: Video mellom ambulanse og lege er lite i bruk, og utvalet trur det er eit stort potensiale for betra beslutningsstøtte om dette vert meir nytta. I dag er prosedyren at videokonferanse skal gå via amk, her bør det vurderast om det skal gå via lvs i staden for. Legebil: Prosjektet med legebil i Ålesund har vore svært godt motteke og bidreg til god samhandling og 	

		<p>pasientbehandling. Søre og Kr.S har godt etablerte legebilar, og det er ønskeleg at også Molde utviklar dette. Faglig samarbeidsutval for akuttmedisinsk kjede meiner at prosjekt knytt til legebil ved dei største legevaktene bør søkjast midlar til gjennom samhandlingsmidla i Helsefellesskapet. Det blir difor presisert at dette er eit prioritert område for Fagleg samarbeidsutval for akuttmedisinsk kjede.</p>	
10/24	Orientering	<ul style="list-style-type: none"> • Helse Midt-Norge har sett i gang arbeid med heilheitleg utviklingsplan for akuttmedisinsk kjede i Midt-Norge. Sindre, Per-Arild, samt kommunalsjef i Sande Jørn Moldskred er oppnemnd til å vere med i referansegruppe frå kommune. Fagleg samarbeidsutval for akuttmedisinsk kjede meiner utvalet burde vore involvert og orientert om arbeidet som er igangsett på eit tidlegare tidspunkt. Det stilles spørsmål ved om det er hensiktsmessig med ein overordna utviklingsplan som ikkje involverer alle aktørene i kjeda. • Takk for innsats i utvalet og god jul! 	